

# Stadnamn og sentralitet i eit jærsk jordbrukssamfunn frå jernalderen

INGE SÆRHEIM

Særheim, I. 2014. **Place names and centrality in an agrarian society in Jæren in the Iron Age.** *AmS-Varia* 55, 49–62, Stavanger. ISSN 0332-6306, ISBN 978-82-7760-160-1

This article deals with place names from Hauge and Tu in Klepp (Jæren), referring to central functions in the Iron Age, e.g. pre-Christian religion, old judicial system and defence, political power and communication. It is discussed whether the place name environment from this location indicates centrality and the habitation site of an elite. Parallels from other central places in Jæren are presented, e.g. from Bø in Hå, Lye in Time and Hove/Høyland in Sandnes. Some methodological challenges when using place names as sources about cultural history are discussed.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger, 4036 STAVANGER, NORWAY. Phone: (+47) 51 83 10 18. E-mail: inge.særheim@uis.no

*Keywords:* place names, toponymy, Jæren, Hauge, Tu, centrality, cultural history, Iron Age.

## Innleiing

Nedarva stadnamn er viktige kjelder som gjev informasjon om samfunnsnivå og ulike tradisjonar i tidlegare tider. Gjennom stadnamna kan ein t.d. få opplysningar om sentrale stader i bygdene og om viktige funksjonar som ulike busetnadsmiljø har hatt i det eldre bygdesamfunnet. Ved undersøkinga av det unike førhistoriske miljøet på Hauge-/Tuhøgdedraget i Klepp er det naturleg å spørja om det finst gamle stadnamn i dette området som har bakgrunn i og som ev. gjev opplysningar om tidlegare sentralstadfunksjonar. Døme på dette kan vera namn som har historisk tilknytning til religiøse førestillingar og handlingar i førkristen tid eller tidleg kristen tid. Andre viktige samfunnsområde som slike namn kan vera knytte til, er rettssystem, forsvar, politisk makt og styring, dessutan samferdsle og gamle samlingsstader der det har vore tevlingar o.l. Sentralstadindikerande stadnamn kan gjerne avspegla og utgjera delar av eit større territorium der det har vore ulike typar avhengigheitsordningar.

## Stadnamna som kulturhistoriske kjelder. Nokre metodiske avvegingar

Det er eit kjennemerke ved stadnamna at dei lokaliserer ulike aktivitetar, hendingar og fenomen. Dei gjer

greie for kor noko har skjedd, t.d. staden der det har vore busetnad, ferdslé, tevlingar, ulike typar arbeidsaktivitetar og andre gjeremål. Namna er knytte til geografiske punkt eller område som kan festast på kart. Eit anna kjennemerke ved stadnamna er at dei inneheld språkleg materiale som ber på eit meningsinnhald, altså ord og namneledd som tyder noko. Gjennom orda som er nytta, fortel namna gjerne om noko som har vore knytt til staden. Dette innhaldet kan ein få tilgang til gjennom tolking av namna. Ein talar gjerne om ei språkleg tolking der ein bl.a. identifiserer namneform, namnebyggnad, ordinventar og lydutvikling, dessutan om ei real tolking der ein avdekkjer den reale og saklege bakgrunnen for namngjevinga, t.d. topografi, dyre- og planteliv, arbeidsmetodar, tradisjonar og historiske hendingar. Når det gjeld tolkinga av stadnamna, ligg det ikkje føre nokon fasit. Tolkinga tek gjerne form som ein argumentasjon for det som kan reknast som ei rimeleg tolking og mot mindre rimelege alternativ.

Nokre namn kan tolkast på fleire måtar, bl.a. fordi somme ord har fleire tydingar og kan vera nytta på ulike måtar i stadnamna. Bruken av orda kan skifta frå namn til namn. Føreleddet *Hest(a)-*, som inneheld husdyrnamnet *hest* m., kan t.d. sikta til hestebeite (*Hestahagen*), til veg og ferdslé (*Hestakleiva*), eller til avliving av hestar (*Hestaberget*). Lagingar til dette nemnet kan elles ha bakgrunn i samanlikning, t.d. skildra forma eller storleiken til ein stein (*Hesten*). I

nokre høve kan eit namneledd *Hest-* vera eit heilt anna ord, t.d. gå attende på superlativforma gno. *hæstr* av adjektivet gno. *hár* 'høg', jf. fjellnamnet *Hest* frå Liland i Sirdal, som truleg er gno. \**Hæstr* 'den høgaste'.

Eit namneledd *Kyrkje-* kan t.d. sikta til at det tidlegare har stått ei kyrkje på vedkomande stad, jf. *Kyrkjehaugen* på Obrestad (Hå), der ei segn fortel om nettopp det. Namneleddet kan ha bakgrunn i at kyrkjevegen har gått framom, som ved teigen *Kyrkjetrøna* på Anda (Klepp). Det kan elles ha bakgrunn i jamføring, jf. det vanlege fjellnamnet *Kyrkja*. I eit døme som *Kyrkjetangen* på Kvalbein (Hå) er det kanskje tale om eit såkalla 'godnemne', med bakgrunn i gammal folketru; jf. førestillingar om at kristne nemne kan ta makta frå farlege krefter i naturen. Dette namnet er nytta om eit nes som ligg innanfor det særst farlege sjøstykket ved den låge rullesteinsholmen (grunnen) Raunen.

Føreleddet *Kross-* siktar i nokre namn til krossar som vart reiste i tidleg kristen tid, altså ein mellomalderkross, jf. *Krosshaug* på Hauge (Klepp). I namnet *Krossane* frå Bore (Klepp) synest namneleddet ha bakgrunn i ein krossforma terrengformasjon i elva Figgjo. Det tilsvarende *Krossane* frå grensa mellom Vik og Orre har kanskje samband med grenselina mellom dei to gardane, altså ein kross som grensemerke; ev. siktar det til at det har stått reiste krossar på denne staden. Namnet *Krossen*, som er nytta om ein stad nær Kyrkjetangen på Kvalbeinstronda, der redningsbåten Trygg låg, kan ha bakgrunn i ein 'kross til hamnermerke', altså nytta om staden der ein kunne gå inn med ein mindre båt; ev. er også dette eit døme på godnemne. Ordet *kross* m. er elles i jærmalet vanleg i tydinga 'vegkryss'. jf. namn som *Kleppekrossen* og *Andakrossen*.

Av namnetolkingar som har vore omdiskuterte i namneforsarmiljøa, kan nemnast tolkingar til førkristne gudenamn, t.d. *Tor*, *Odin*, *Frøy*, *Frøya*, *Ull* og *Njord*, og namn som er sette til såkalla kultnemne, t.d. *hov* 'heidensk gudehus, gudehov, tempel', *horg* 'steinaltar, gudehov', *ve* 'heilag stad, blotstad' og *heilag* '(fred) heilag, verna', dessutan nokre andre nemne som har vorte sette i samband med kultiske handlingar, som *skeid* '(tevlings)bane, veg' og *leik*. Nokre har gått langt i å identifisera sakrale nemne, t.d. Magnus Olsen (1909, 1915), Elias Wessén (1921a, 1922a) og Erik Noréén (1920). Andre har vist langt større atterhald når det gjeld slike tolkingar, t.d. Jöran Sahlgren, som var redaktør for fagtidsskriftet *Namn och Bygd* frå starten i 1913 til og med 1968. Sahlgren gjekk i fleire artiklar sterkt mot teoriane og fleire av tolkingane til dei tre nemnde forskarane, særleg i artikkelen "Hednisk gudelära och nordiska ortnamn. Kritiska inlägg" (Sahlgren 1950). Sahlgrens kritikk var på nokre punkt rettkomen, men ofte gjekk han for langt (Særheim 2012:186–189).

Fleire av dei alternative tolkingane som han presenterte, kan karakteriserast som lite rimelege. Det har blitt sagt om Sahlgren at han ofte byter ut ein usikker hypotese med ein annan usikker hypotese (Sandnes 1992:13). Eit viktig innlegg mot Sahlgrens vurderingar og konklusjonar er Hellberg (1986), som kan seiast å markera eit vendepunkt i nordisk sakralnamnforskning. Heilt for seg sjølv står Eivind Vågslid, som avviser alle stadnamntolkingar til førkristne gudenamn og andre sakralnemne (Vågslid 1974:260), men det språklege grunnlaget i argumentasjonen hans er ofte tvilsamt.

Det finst døme på opplagde feiltolkingar av stadnamn som er lagde fram i tverrfagleg samanheng. Eit døme på det er stadnamnet *Nonsberget* frå Myklabost (Sandnes), der føreleddet *Nons-* har blitt tolka som 'nonne' (Olsen 1997:50), noko som ikkje er mogleg pga. samansetjingsmåten med *s*-fuge. *Nons-* er eit vanleg føreledd i norske stadnamn. Det inneheld ordet *non* 'måltid om ettermiddagen' (ca. kl. 15). Namn med dette nemnet er i regelen nytta om stader som har vore tidmerke, altså merke for nonsmåltidet på ein gard. Om ein ikkje kjenner språkgrunnlaget, språkutviklinga, topografien eller tradisjonen på vedkomande stad, kan ein lett koma skeivt ut ved tolkinga av stadnamn, noko som kan føra til mistydingar ved bruk av namna som kulturhistoriske kjelder.

Når ein nyttar stadnamna som kulturhistoriske kjelder, er det viktig å vera klar over at namna og namnetydingane ikkje nødvendigvis er representative for tidlegare verksemd i eit område. Stadnamna skal vera utskiljande og utmerkjande. Gjennom åra er det t.d. fiska store mengder sild langs delar av norskekysten, bl.a. kring øyane Kvitsøy og Utsira. På kvar av dei to øyane er det likevel berre registrert eitt namn med fiskenemnet *sild* f., nemleg *Sildaberget*. Eit namn \**Sildavika* ville vera lite utmerkjande på desse stadene, for silda vart fiska i kvar vik. Sameleis finst det berre eit par namn med ordet *aure* m. blant 12 000 lokale namn frå Sirdal, sjølv om det er fiska aure i dei fleste vatn, tjørner, elvar og bekker i denne vidstrekke fjellbygda. Men namn som *Øydevatn*, *Fiskelaus* og *Fiskeløys* førekjem fleire stader, nytta om nokre tjørner der ein ikkje har fått fiskefangst.

Av slike døme kan ein slutta at sjølv om stadnamna er eit verdfullt kulturhistorisk kjeldemateriale, kan ein ikkje rekna med at det registrerte stadnamntilfanget frå eit område nødvendigvis gjev eit representativt bilete av naturovringar, dyre- og planteliv, menneskeleg verksemd og tradisjonar i området. Namna skal nemleg vera utmerkjande og utskiljande – jf. elles at føreledda i samansette stadnamn, t.d. *Fiska-* i *Fiskasteinen* og *Skarva-* i *Skarvasteinen*, nettopp vert kalla *utmerkingsledd*.

Når det gjeld spørsmålet om kva slag funksjon høgdedraget på Tu og Hauge og det omgjevande området har hatt for omlandet på Jæren i jernalderen, kan ein såleis slutta at eventuell førekomst av sentralplassindikerande stadnamn ikkje vil vera eit avgjerande argument for å fastslå om dette har vore ein sentralstad eller ikkje. At området verkeleg har hatt ein slik funksjon, er godt dokumentert ved hjelp av andre kjeldetypar, særleg arkeologisk materiale. Det kan likevel finnast sentralplassindikerande element i stadnamntilfanget frå området. Jamføring med anna munnleg tradisjonstilfang frå dette området og med namnetilfang frå andre sentralstader på Jæren og andre stader i Skandinavia vil òg vera nyttig i denne samanhengen.

## Svensk og dansk forskning om sentralitetsindikerande stadnamn

Svenske forskarar har argumentert for at det fleire stader i det mellomsvenske området og andre stader i Sverige førekjem einsarta namnemiljø med stadnamn som synest ha samanheng med bl.a. førkristen religion, status og forsvar. Dette har resultert i teoriar om at namnemiljø kan spegla sentralplassar frå yngre jernalder (jf. Hellberg 1975, 1984a, 1984b, Brink 1996, 1997, 1998). Ein pionér i den svenske sentralnamnforskinga er Lars Hellberg, som meiner at ein i stadnamntilfanget kan identifisera sentralstader i jernalderen, gjerne område der fleire stadnamn indikerer sentraliserte samfunnsfunksjonar; jf. t.d. Per Vikstrands omtale av Hellbergs teori (Vikstrand 2011:318–321). Kjernen i eit slikt område er ofte ei busetjing med namn som *Tuna*, *Torstuna* o.l. Omkring ein slik busetnadskjerne finn ein namn som representerer ulike samfunnsfunksjonar, t.d. med militære titlar, verdigheitsnemningar og embetstitlar, jf. *Tegneby* (*þiæghn* ‘fri mann, krigar’), *Rinkeby* (*\*rinker* ‘mann, krigar’), *Karby* (*karl*), *Brottsta* (*bryti* ‘forvaltar’), *Hersby* (*\*hærse*), *Järshammar* (*iærl*) og *Smedby* (*smiþer*), det sistnemnde bl.a. brukt om våpensmedar, men òg om andre typar handverkarar. Hellberg meiner at sentralplassane representerer ein ekspanderande sveastat, kontrollert av ein mektig sveakonge. Vikstrand, som har sett sakrale stadnamn i samband med sentralstader i Jämtland (Vikstrand 1993), peikar i eit seinare arbeid på at ein likevel ”kan tala om en asymmetrisk relation mellan centralitet och sakralitet: centralitet förutsätter sakralitet medan det motsätta inte är fallet” (Vikstrand 2011:340).

I Danmark har arkeologar avdekt lokalitetar frå yngre jernalder som kan reknast som sentralplassar, med store mengder av metall- og prestisjegjenstandar og med klare teikn på elitær representasjon, handel og

handverk. Slike stader er gjerne organiserte som kompleks med dei sentrale funksjonane spreidde på ulike lokalitetar innom eit avgrensa område (jf. Näsman 1991, Fabech 1999b, Skre 2007, Helgesson 2008). Lisbeth Eilersgaard Christensen (2011) har undersøkt åtte stader på Jylland og dei danske øyane for å finna moglege sentralplassindikerande namnemiljø. Ho har teke utgangspunkt i namneleddet *sal*, som ligg føre i 15 danske busetnadsnamn, og som har tydinga ‘gudehus, tempel’ eller ‘stormannsgard’ i danske stadnamn, dessutan det sjællandske *Tune*, og eitt av dei fem danske *Odinsvi*-namna. Ho har sett nærare på ord med moglege sentralplassrelevans, t.d. ord med relasjon til spesialisert handverk og produksjon, vareutveksling og distribusjon, kult og religion, forsvar, krigsmakt og kontroll, rettsutøving, element av kommunikasjon og politisk leiing. Det språklege materialet er tolka og vurdert og resultatene er samanstilte med det arkeologiske materialet. Christensen konkluderer med at det ikkje synest ”kunne rekonstrueres ensartede centralpladsindicerende navnemiljøer i undersøgelsesområderne, om end der er registreret navne med sandsynlig centralpladsrelevans i dem alle” (Christensen 2011:79), med andre ord eit heilt anna resultat enn det som kjem fram i fleire undersøkingar frå Sverige.

Christensen (2011:82) understrekar at mange ord har fleire moglege tydingar, og at stadnamnmaterialet langt frå alltid gjev ”mulighed for entydige tolkninger”. Ho peikar på at det i analysane av dei mellomsvenske namnemiljøa er lagt stor vekt på den ekstralingvistiske konteksten – i tillegg til den namnemessige (Hellberg 1984b:135, Brink 1997:61–62). Namneleddet *smed*, som har eit breitt og verdinøytralt tydingsinnhald, er t.d. gjeve tydinga ‘våpensmed’ eller ‘kongeleg embetssmed’ dersom det ligg føre i samansetjinga *Smedeby* og førekjem innanfor eit sentralplassindikerande namnemiljø (Hellberg 1975:94–95, 1984a:88, Brink 1996:241–242, 1997:80). Christensen finn ikkje grunnlag for å tillegga *smed* denne tydinga når det ligg føre som namneledd i Danmark.

## Finst det sentralitetsindikerande stadnamn i Hauge-/Tuområdet?

Fleire kjeldetypar, ikkje minst det arkeologiske materialet, indikerer at Hauge og Tu var ein sentralstad i jernalderen. Det unike funnmaterialet tyder på eit elitært miljø, bl.a. med minne om handverk (leire), handel (smykke, drikkeglas) og førkristen religion (16 såkalla gullgubbar). I mellomalderen var elles Hauge sete for både fjordungs- og skipreidetinget, jf. skriftlege belegg som *Haug skipreida* frå 1445 og 1448. Dersom namnet



Fig. 1. Relieffspenne av forgylt sølv frå Ådnhaugen på Tu, med runeinnskrift. Foto: Terje Tveit og Nathalie Hanna [innskrifta], Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger ©.  
 Fig. 1. Silver-gilt relief brooch from Ådnhaugen, Tu, with runic inscription. Photo: Terje Tveit and Nathalie Hanna [the inscription], Museum of Archaeology, University of Stavanger ©.

*Tinghaug*, nytta om den høgaste toppen på Tu, er gammalt, noko som ikkje synest urimeleg, speglar også det den politiske og rettslege posisjonen til denne staden; det kan i så fall seiast å vera eit sentralplassindikerande stadnamn. Etter alt å døma var dette eit område med rettslege og politiske funksjonar også i førhistorisk tid. Det krinsforma tunet på Dysjane (Hauge) er eit synleg merke på den spesielle posisjonen som denne staden har hatt i eldre jernalder når det gjeld politisk makt (Grimm 2010:76–79, Grimm & Pesch 2010:13–17). Eit tilsvarande tun på Reiestad (Varhaug) er kalla *Leksaren*. Kanskje inneheld dette namnet ordet *leik*, gno. *leikr* m., jf. *Leikvoll*, *Leikvang* o.l., med bakgrunn i tevlingar i samband med tidlegare samankomster og kanskje sakrale handlingar. Ei mogleg tolking kan vera gno. *\*Leiksgarðr*, samansett av gno. *leikr* m. og *garðr* m. 'gard, gjerde', jf. liknande lydutvikling i etterleddet i *Kjengaren*, som er gno. *\*Hjalmgarðr*, brukt om gamle lagringsstader for høy, korn o.a. (Særheim 2002:382–384).

Frå dette området kjenner ein runeinnskrifter som tyder på eit tidleg skriftmiljø og ein litterær kultur. På eit smykke som er funne på Tu, er det ei innskrift med eldre runer som er tidfest til andre halvdel av 400-talet (Fig. 1). Ho er lesen **þiridaþ**, tolka som 'denne handlinga, denne gjerninga', noko som kanskje siktar til at smykket er reparert. Ved tolkinga er det vist til gotisk *þizai* 'denne' og *ga-dedai* 'gjerning' (Bugge & Olsen 1917:721–729). På Tu er det òg funne ein runestein med ei innskrift som er datert til 900-talet, av Olsen translitterert **hailki raististainþan aftkailbrupursin** (Olsen 1954:156–160). Tolkinga gjev seg sjølv: "Helge reiste denne steinen etter Kjetil, bror sin". På eine sida av steinen er det rissa inn to personar i vikingtidsdrakter. Dette er av Olsen oppfatta som mytiske figurar, kanskje eit gudepar (Olsen 1954:157–158), jf. at figurane på gullgubbane frå Hauge er tolka som Frøy og Gerd. Når det gjeld mannsnamnet *Helge*, viser Olsen til ein truleg litt yngre runestein frå Kleppe, der det er

nemnt ein **halka a klabi**, dvs. Helge på Kleppe. Ifølgje Olsen kan det dreia seg om same personen som reiste Tusteinen. Runeinnskriftene i dette området tyder på eit skriftmiljø som går attende til eldre jernalder.

Om teikningane på Tusteinen skriv amtmann Bendix Christian de Fine: "Paa den eene flade side af Steenen ssees udhuggen, een Hund, een Oxe, og een Buk, med andre ukiendelige smaae figurer i lange stræger og Slange-lignelsser" (De Fine 1952:109); i tillegg nemner han dei to menneskefigurane. Men ifølgje Shetelig finst ikkje dei nemnde dyrefigurane på denne steinen; han tenkjer seg at de Fine ikkje sjølv har sett alle sidene av steinen, men at han har gjeve att upålitelege munnlege opplysningar (Olsen & Shetelig 1909:3–5).

Når det gjeld dei to gardsnamna *Hauge* og *Tu*, ser det sistnemnde ut til å vera reint naturskildrande (Fig. 2). Det førstnemnde har i tradisjonell målføreuttale forma /"håie/, med tidleg monoftongering og seinare diftongering framom *g*-en og ein høg fremre vokal (gno. *i*). Som skipreidenamn er det skriva *Haug's skipreiða* i 1445 og 1448. Gammalnorsk form er *Haugr*, medan notidsforma er utvikla av dativforma, gno. *Haugi*. Namnet kan ha bakgrunn i ein stor haug og gravhaug, kalla

*Haugen*, ved det gamle gardstunet, ev. kan det sikta til den store gravhaugen Krosshaug, mindre truleg til den naturlege toppen Tinghaug, som ligg på Tu-sida av grensa. Namnet synest vera knytt til ein heilt spesiell haug, altså sjølv 'haugen', som vel var den viktigaste samlingsstaden i grenda. Tilsvarende bakgrunn for usamansette namn med dette ordet finn ein andre stader, bl.a. i Sverige (SOL:146). Også i Skåne dreiar det seg ofte om gravhaugar, t.d. *Hög* (*Högh* ca. 1286) i Harjagers härad, som er gammal kyrkjestad (SOL:146). I Hälsingland finn ein det tilsvarende *Hög* (*Högh* 1324), brukt om ein gammal tingplass; her er det òg ein stor gravhaug frå romartida, no kalla *Kungshögen* (SOL:146). Gardsnamnet *Hauge* kan seiast å vera eit sentralplass-indikerande stadnamn.

Gardsnamnet *Tu* /tu:/ er skriva *Twff* 1519, *Tw* 1521, *Thuff* 1563 og *Tough* 1567. Gammalnorsk form er *\*Þúfr*. Det er laga til eit appellativ som ikkje er belagt i norrønt, men som førekjem i norske gardsnamn. Det svarar til nyno. *tuv* m. 'topp, knute, spiss høgd på flate', jf. òg den svake forma nyno. *tuve* f. (Rygh 1915:128–129, Særheim 1980:76). Real bakgrunn for gardsnamnet er den godt synlege toppen Tinghaug, som er den mest



Fig. 2. Stadnamn på og omkring gardane Hauge og Tu i Klepp. Kart ved Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen og Ingund Svendsen, Universitetet i Stavanger ©.

Fig. 2. Place names on and in the vicinity of the farms Hauge and Tu, Klepp. Map by Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen and Ingund Svendsen, University of Stavanger ©.

markante høgda på Låg-Jæren, etter alt å døma ein gammal tingplass og møteplass for ulike samfunnsfunksjonar og handlingar, truleg også førkristen kult.

Garden Tu grensar i aust til Frøylandsvatnet. Føreleddet i dette innsjønamnet er gardsnamnet *Frøyland* i Time (skrive i *Frøylande* 1379). Denne garden ligg i nordenden av vatnet, i luftline ca. 4–5 km nord for Tu. Same gardsnamnet førekjem i Sokndal (*Frøyland* 1307) og Sandnes (tidlegare Hetland; *Freyland* 1362), jf. òg det tilsvarande øydegardsnamnet *Frøyland* frå Dirdal (Gjesdal, tidlegare Forsand). Same opphav som *Frøyland* har truleg dei tre *Frøland*-namna frå Nord-Rogaland (frå Vikedal, Vats og Nedstrand). Tilsvarande namn førekjem òg andre stader i landet, t.d. *Frøyland* i Vest-Agder (Vanse) og *Frøland* i Østfold (Våler), Telemark (Hjartdal), Hordaland (Samnanger) og Møre og Romsdal (Hjørundfjord). I tillegg kjem tre gno. *Frøylandir*-namn på Austlandet (Østfold, Akershus og Telemark). Som føreledd har ein for dei fleste namna rekna med gudinnenamnet *Frøya* (gno. *Frøyja*) og bakgrunn i tidlegare kult, ev. samansetjing eller samband med eit adjektiv gno. *\*frøyr* 'grøderik' for nokre av dei, jf. at *land*-namna har sterk agrar karakter (Særheim 1999:84–87). For *Frøyland*-namna i Sør-Rogaland høver samansetjing med gudinnenamnet språkleg, altså gno. *\*Frøyjuland*, noko tonelaget reflekterer. Namna har nemleg tonelag 1, noko som tyder på eit opphavleg tostava føreledd, altså eit trestava namn som er korta ned til to stavingar, medan t.d. *Høyland*-namna har tonelag 2 av di føreleddet her opphavleg er einstava og namnet var tostava i norrønt, gno. *Høyland* (Olsen & Shetelig 1909:26, Hellquist 1917:162, Særheim 2012:193). At eit adjektiv nyno. *frøy* 'grønæm, grønær' har nokså avgrensa utbreiing i norske målføre, er ei innvending mot tolkinga av slike namn til gno. *\*frøyr* adj. Aasen har i ordboka si notert adjektivet *frøy* frå Nordland med tydinga "tjenlig til Sæd, spiredygtig" (Aasen 1873:194) – men same staden (s. 193–194) skriv han at namn som *Frøyberg*, *Frøyhov* og *Frøyland* bør setjast til gudinnenamnet *Frøya* (ev. til *Frøy*). Det har vore diskutert om gudinnenamnet gno. *Frøyja* verkeleg finst i norske stadnamn. Olsen føreslår (1915:48) at ca. 26 stadnamn inneheld dette gudinnenamnet, medan Lennart Elmevik (2003:143, 2005:136–137) knapt reknar med nokre førekomster pga. få skriftlege belegg i norrønt med forma *Frøyju*-. Frode Korslund (2005:135) peikar på at lydsviklinga i namnet kan vera årsaka til at *u*-en tidleg er assimilert. Også Vikstrand reknar med dette gudinnenamnet i nordiske stadnamn (Vikstrand 2001:72–93).

Frå Sokndal i Sør-Rogaland kan i tillegg til det nemnde *Frøyland* (*Frøyland* 1307) nemnast gardsnamnet *Frøytlog* /"frøytlå:g/ (*Fretlandt* 1519, *Fretlonn*

1521). Dei to gardane ligg 3–4 km frå kvarandre. Det sistnemnde er av M. Olsen (Rygh 1915:9–10) tolka som gno. *\*Frøyslog*, samansett av gudenamnet gno. *Frøyr* (*Frøy*) og eit etterledd som er fleirtal av gno. *lag* n. 'lov', nytta om eit 'område der ei viss lov gjeld'. Det er vist til parallellar som gno. *Njarðarlog* (truleg 'Njords lovområde'), nytta om Tysnesøy, og gno. *Þróndallog* ('trønderane sitt lovområde'), dvs. Trøndelag. Ei alternativ tolking av etterleddet i *Frøytlog* som Olsen nemner, kan ikkje utelukkast, nemleg at etterleddet svarar til gno. *laug* f. 'vatn, kjelde', ev. til nyno. *lok* m. 'stille, grunn vassamling', som truleg ligg føre i gardsnamnet *Log* /lo:g/ (*Lok* 1519) frå Sokndal og i fire liknande namn, *Log* og *Loga*, frå Vest-Agder (Rygh 1915:2–3). Å setja føreleddet i *Frøytlog* saman med verbet *frjósa* 'frysa', slik Vågslid (1974:404) gjer, synest mindre rimeleg. Konsonantutviklinga gno. *sl* > /tl/ har mange parallellar i målføret, jf. gardsnamnet *Hetland* (bl.a. skrive *Hesland* 1519), som førekjem 16 stader i Rogaland, samansett med gno. *hesli* n. '(stad der det veks) hasseltre' (Særheim 2007:101). Frå storgarden Barstad i Sokndal kan elles nemnast lokale namn som *Frøyholmen* /"frøyhålmen/, nytta om ein holme i Barstadvatnet, og *Frøyågeren* /"frøyå:gren/, nytta om ein åker på garden. Bakgrunnen for dei to namna er ikkje kjend.

Den arkeologiske konteksten og lægjet til gardane er argument for det sakrale tolkingsframlegget for dei fire *Frøyland*-namna frå Sør-Rogaland (Særheim 2007:70–71, annleis Særheim 1999:84–87). Av funnmateriale med sakral bakgrunn frå høgdedraget på Tu og Hauge er det spesielt grunn til å merkja seg dei 16 gullgubbane som er funne i åkeren på Hauge. Motiva er tolka som gudebilete, nemleg Gerd og Frøy. Dei er av bl.a. Olsen sette i samband med ein grønærdomskult: "den ceremoni at nedlægge i jorden votivplater av guld, hvorpaa frugtbarhetsgudeparrets første møte er fremstillet, som offer til himmelsets gud Frøi og sædemarkens gudinde Gerd" (Olsen & Shetelig 1909:29, jf. òg Olsen 1909:30–34). Olsen meiner at slike fortidsminne klart tyder på at "der i egnen omkring Tubakken i Klepp har været et sæde for Frøis og Frøias (Gerd's) dyrkelse. Til denne helligdom har mulig Frøiland i Time hørt" (Olsen & Shetelig 1909:27). Han viser elles til stadnamn i nabosoknene (jf. *Njærheim* og *Nærland*) som fortel om dyrking av gudar som har stått nær Frøy, nemlig Njord, som etter den norrøne mytologien var far til Frøy, dessutan Frøya, syster til Frøy, som er "væsensidentisk med Gerd, Gyms datter, og med den gammelgermanske jordgudinde Nerthus" (Olsen & Shetelig 1909:27).

Også teikningane på runesteinen frå Tu blir sette inn i denne samanhengen, tolka som mytiske figurar,

truleg eit gudepar: "Billederne paa Tu-stenen synes at fremstille samme scene som vi har studert paa de smaa guldplater" (Olsen & Shetelig 1909:17, jf. òg Olsen 1954:157–158). Om Helge (på Kleppe) som er nemnd på Kleppe- og (truleg) Tu-stenen, skriv Olsen: "Høvdingen paa Klepp, som rimeligvis har hat herses værdighet, har uten tvil været Frøis-gode ved bygdens helligdom" (Olsen & Shetelig 1909:28).

I denne samanhengen kan det nemnast at Lars A. Tjøtta (1864–1914), som blant mykje anna var preparant ved Stavanger Museum og samlar av segner og historier frå Jæren, omtalar ein spesiell tradisjon frå Tu, nemleg eit våroffer som vart kalla "te bæra Mol te han Njåre" (Hauge 1986:14–16). Då avlinga var hausta, vart det gjort eit takkeoffer på same staden. "[H]an Njåre" var "en 3½ alen lang hellesten der lå eller stod oppreist ved en husvegg" kloss i foten av ein stor gravhaug som var samlingsstad for folk på garden. På steinen var det "to menneskebilleder, et kvinnelig og et mannlig". Tjøtta skriv òg at det vart hella øl over steinen ved spesielle høve. Denne tradisjonen skal ha teke slutt på 1700-talet. Tjøtta set namnet *Njåre* i samband med guden *Njord*, ein gud for grøderikdom, og han nemner òg andre stader der denne guden skal ha blitt dyrka, som Njærheim. Frå Njærheim fortel Ottar Rønneseth (1973) at Rassmann der nord (f. 1822) fortalde til Lars A. Tjøtta ca. 1890 om ein stad som vart kalla "Horjå" (dvs. /'hårjå/), der ein tidlegare skal ha dyrka "Njåre". Rønneseth meiner at dette "kunne tyda på at det var minne om ein *Njord*-kult på Njærheim i Rassmann si tid" (Rønneseth 1973:309), noko han grunngjev med at namneforma *Njåre* indikerer at Rassmann ikkje hadde "denne visdomen frå dei lærde". *Njåre* synest vera ei svak bøyingsform av gudenamnet *Njord*, noko ein finn parallellar til i andre namneformer frå dette området, jf. kjæleforma *Njåle* for *Njål*.

Det er vanskeleg å vita om ein skal leggja noka vekt på slik folkloristisk tradisjon frå dei siste 300 åra. Mykje kan vera dikta og lagt til ved formidlinga av historiene. Om Lars A. Tjøtta som forteljar refererer historikaren Hallvard Nordås i *Klepp bygdesege* 2 (Lindanger & Nordås 1987:323) følgjande omtale i *Stavangeren* (21.11.1931), skriven av journalisten og forfattaren – og Tjøttas sambygding – Theodor Dahl:

"Hans dikterske fantasi hoppet så titt de grensemerker tørre faktahistorikere setter [...]. Han hadde likesom en sagapeis hvor han kunne tenne eventyrild og stirre synsk inn i låjen. Og se liv og hendelser livs levende i fjerne tider [...] Derfor hadde videnskapelig utdannede folk undertiden kritikk å øve, spørsmål å sette – og de gjorde somme tider hoderystninger. Men det tør hende at enkelte av disse kom frem fra en bokreol – mens Tjøtta symbolsk talt kom stigende frem fra en jærsk

gravhaug – fra den levende sagamuld" (Lindanger & Nordås 1987:323).

Det kan ikkje utelukkast at det i nokre av desse segnene finst trådar som går langt attende i tid. Ved opphavshistorier som er knytte til stadnamn, finst det døme på munnleg overlevering sidan 1500- og 1600-talet (jf. Særheim 2003:51, 146–147). Det er i alle høve grunn til å merkja seg at det synest ha funnest ei svak form av gudenamnet *Njord* i jærdialekten, med uttalen /r/, som er vanleg lydutvikling i målføret av gno. *rð*, ikkje /rd/, som ville vera skriftpåverka uttale.

Lars A. Tjøtta fortel òg om ei heilag kjelde med lækjande vatn på sørsida av Tinghaug på Tu, omtala som "Lunder-kilden", dvs. normert form *Lundarkjelda*, i dialekten vel uttala /'lonarkjelå/ (Hauge 1985:87–89). Kjelda skal ha vore vigd til Sankt Hans (døyparen Johannes), og ho vart "som en efterdønning av for-dums glans [...] besøkt hver jonsokaften langt ned i det attende århundre" (Hauge 1985:89). Tjøtta nemner òg ein visestump om kjelda som er bevart:

"Mjaae Kroppe og Haltemænd saa gjinge mæ Krykkje ved Side, finge i Lunden Helsebod Saa dei stavlause monne springe. Laava dei Jesu aa Sante Hans, Saa jeve Helsevatne dæ klare. Stav aa Baara lig i Bakkjen at: Sæl dei heimatte fare" (Hauge 1985:89).

Kjelda har namn etter *Lunden* (uttala /'lo:en/) på Tu, som ligg i sørhallet ned frå Tinghaug. Dette er òg eit bruksnamn, stundom kalla *Tulunden*. Her finn ein elles *Lundarsberget*. Også på Hauge finn ein namnet *Lunden* (uttala /'lo:en/), i hallet sørvest for Tinghaug, dessutan sekundærnamnet *Lundarsmyra*. Nemnast kan elles ein nokså stor og kjend lund på Kleppe, kalla *Lunden* (/'lo:en/) og *Kleppelunden*. Som nemnt, er kulthandlingar i lundar sentralt i tidlegare skildringar av gammalgermansk religion, bl.a. hjå Tacitus (Lund 1979:130–131). Det finst fleire døme på samansetjingsfuga *-ar* med tillagd *s* i jærmålet, som *Bekkjarvigvegen* og *Sjyarshøyen* (Særheim 1980:45).

Eit kjent minnesmerke på Hauge frå tidleg kristen tid er steinkrossen på Krosshaug. Her finn ein namna *Krosshaug* og *Krossvoll*, det sistnemnde nytta som bruksnamn. Føreleddet viser til krossen på Krosshaug. Same namneleddet finn ein i namnet *Krosseimyra* frå grannegarden Laland. Også det har kanskje bakgrunn i ein kross frå tidleg kristen tid. Etterleddet er truleg ordet *hei f.*, nytta om udyrka utmark. Språkleg er det òg råd å tolka det som ordet *heim* m., ev. som eit gammalt øydegardsnamn, men det synest mindre rimeleg. Namn som *Kyrkjetrøna* (Anda), *Kyrkjehagen* (Laland) og *Kyrkjevegen* (Laland) er yngre lagingar, med bakgrunn i den gamle kyrkjevegen til Kleppe. Dei eldste namna med nemne for kristen tradisjon synest saman med spora etter førkristen kult i Hauge-/Tuområdet

indikera kontinuitet i sakrale førestillingar og kanskje kult i dette området, frå førkristen til kristen tid, jf. elles dei religiøse førestillingane som er knytte til ei heilag vasskjelde på Tu.

Når det gjeld namnemiljøet i Hauge-/Tuområdet, kan ein elles merkja seg at dette er eit område med fleire unike og svært gamle gardsnamn, t.d. *Anda* og *Tjøtta*. Garden Tjøtta grensar til både Tu og Hauge, medan Anda ligg litt lenger nord på same høgde- draget. Desse namna høyrer til ei gruppe på ca. 25 gardsnamn frå Midt- og Nord-Jæren som er nytta om store, sentrale og svært gamle gardsbusetjingar, fleire av dei med samanhengande gardsbusetjing sidan eldre bronsealder. Også namna kan gå så langt attende i tid (Særheim 2004).

I dette området finn ein òg øydegardar der det gamle gardsnamnet synest vera bevart. Frå Tu kan nemnast *Brunstad*, som truleg er samansett av gno. *staðir* m. (pl.) og *brún* f. 'kant, egg'; det sistnemnde ordet finn ein òg i *vin*-namnet *Bryne* (gno. \**Brýnin*), nytta om ein gard og tettstad (no med bystatus) som Tu grensar til. Frå Laland, ein annan grannegard, kan nemnast *land*-namnet \**Steinsland*, som ligg føre i relasjonsnamnet *Steinslandssteinen*.

Mange namn frå området er knytte til og fortel om gamle gravhaugar, hustufter, minnesteinar o.l. Gno. *dys* f. 'steinrøys, gravhaug' ligg føre i *Dysjane*, som er fleirtalsform, dessutan i eintalsforma *Døsa* (uttala /'dø:så/), som førekjem fleire stader. På Særheim finn ein gravhaugen *Pighaug*, der føreleddet siktar til ein bauta- og minnestein, gjerne kalla *pikhelle* (uttala /'pi:ghedla/) i målføret. Fleire av gravhaugane har særmerkte og interessante namn, jf. *Grimshaug* (ligg i grensa mellom Hauge og Sør-Braut) og *Ådnhaugen* (Tu, føreleddet tyder truleg 'ørn'). Nokre namn er knytte til eldre landbruk, jf. *Kjengarhaugen* (ved gardstunet på Tu, i sørhallet av Tinghaug), samansett med gno. *hjalmgarðr*, som siktar til ein gammal lagringsmåte for korn, høy, torv o.a. (Særheim 2002). Føreleddet i *Stosmyra* (i bakken ned frå Tinghaug) er truleg gno. *stóð* n. med tydinga 'stodhest, hesteflokk'. *Haukkimmelen* /'haugkjimed,l/ (Tu) inneheld truleg gno. *kimbull* m. 'bunt', jf. nyno. *kjemmel* m. 'bunt, knippe, haug'. Føreleddet kan vera ordet *haug* m., ev. fuglenemnet *hawk* m. Eit tilsvarande namn *Haukkimmelen* /'haukje:med,l/ er registrert frå Pollestad (Klepp).

Det er god grunn til å stilla spørsmål om det har vore spesielle relasjonar mellom Hauge-/Tuområdet og kyrkjestaden Kleppe, der kyrkja vart bygd i tidleg mellomalder. I luftline er det berre ca. 2,5 km mellom gamletuna på Hauge og Kleppe. Av likskapar kan nemnast at både *Klepp* og *Hauge* er skipreidenamn, og at både stadene såleis har hatt sentrale oppgaver i

samband med eldre rettsutøving. På baae stadene er det rikt arkeologisk materiale som syner samanhengande jordbruksbusetjing sidan bronsealderen. Både på Tu og Kleppe finst det runeinnskrifter som tyder på eit litterært miljø i vikingtid og tidleg mellomalder, på Tu også i eldre jernalder. På baae stadene finn ein høgder og toppar med godt utsyn, på Kleppe *Varden* (uttala /'va:ren/) og på Hauge/Tu *Tinghaug*, som baae truleg har hatt spesielle funksjonar i samband med eldre forsvar, t.d. som varslingsstader. Namnet *Lunden* finn ein både på Kleppe, Tu og Hauge, nytta om gamle lundar som tidlegare kan ha hatt spesielle funksjonar når det gjeld eldre religiøse tradisjonar. På baae stadene finn ein teignamn knytte til gamletunet som fortel om eldre jordbruk, bl.a. lagingar med ordet gno. *hjalmgarðr*, nytta om lagringsstader for korn, høy, torv m.m. Frå Kleppe kan elles nemnast teignamnet *Imra* (uttala /'imrå/), brukt om ein teig (hage) med gravhaug. På garden Braut, som ligg mellom Kleppe og Hauge, finn ein same namnet, nytta om ein gravhaug med bautastein. L.A. Tjøtta (Hauge 1985:82) omtalar namnet *Imrå* som "oldtidsminner" med tydinga 'heilag stad'; han knyter det til stader der ein guddom skal ha vore dyrka. Det er noko uvisst kva dette namnet tyder. Kanskje har det samband med gno. *imbra* f. 'dei tre siste dagane av fasten før jul, påske, jonsok og mikelsmesse', t.d. nytta om ein samlingsstad som var brukt i samband med religiøse tradisjonar knytte til dei nemnde dagane.

## Nokre andre moglege sentralitetsindikerande namnemiljø på Jæren

### Bø/Fuglestad i Hå (tidlegare Oгна)

Mange sørvestnorske øydegardar med eit namn på *-land* synest vera knytte til ein sentral gard (stad) som dei seinare har blitt innlemma i. Fleire stader på Jæren finn ein slike *land*-øydegardar i nær tilknytning til ei sentral busetjing, i nokre høve ein sentralstad i bygda (jf. Særheim 2011:304–308). Det finst t.d. fem øydegardar med *land*-namn innom gardsvaldet til Fuglestad, nemleg *Bjelland*, *Hovdeland*, *Torland*, *Hinnarland* og *Fintaland*. I tillegg kjem *Tjemmland* på nabogarden Bø. Gardane synest ha nært samband med ein sentralgard, som dei truleg har vore avhengige av. Truleg dreiar det seg her om noko perifere gardar som har hatt ulike funksjonar i det større gardsmiljøet, jf. elles Olsens og Frode Iversens omtale av sentralgarden Seim i Nord-Hordland (Olsen 1926:128–130, Iversen 1997). Spesielt for området Fuglestad/Bø er elles at



fleire matrikelgardar med *land*-namn omgjev den sentrale busetjinga, nemleg *Vettaland*, *Hetland* (2 g.) og *Halland*. Også desse *land*-gardane synest vera sekundære og perifere i høve til den sentrale buplassen.

Eit stadnamn frå nærområdet som truleg kan setjast i samband med tidlegare religiøse førestillingar, er elvenamnet *Helgåna* frå Ogna, jf. òg *Helgåvatnet*. *Helgåna* renn ut i hovudåa *Ognaåna* like før den sistnemnde renn ut i sjøen. Føreleddet *Helg-* svarar til gno. *heilagr* adj., med tydingar som 'heilag', 'verna' og 'fredlyst'. Namnet synest ha bakgrunn i tidlegare sakrale førestillingar, og det kan opphavleg vera knytt til ein såkalla 'heilag stad'. På kyrkjestaden i bygda, Ogna, er det kyrkje frå mellomalderen, som òg er omtala i dokument frå denne perioden (*Ogno* s. 1465, *Ogna* k. 1442; Rygh 1915:94–95). Namnet *Ogna* (a *Oghno* 1347), gno. *Ógna* f., siktar opphavleg til elva *Ognaåna* (Rygh 1915:61, 94 f., Særheim 2007:173). Det har språkleg samband med gno. *ógn* f. 'redsel, frykt', som synest ha bakgrunn i at elva gjer stor skade ved flaum i dette låglendte terrenget, jf. òg det tilsvarande elvenamnet *Ogna* (gno. *Ógn* f.) i Nord-Trøndelag og *Ljungan* (jf. skrivemåten *Oghnaroo* 1412, SOL:194) i Sverige. Kanskje er dei to elvenamna, gno. *\*Helgá* og *Ógna*, gjevne i relasjon til kvarandre, som føreslått av Olsen (Rygh 1915:61).

Ei heilt spesiell språk- og kulturhistorisk kjelde frå dette området er den gamle runesteinen på *Vettaland*, som inneheld ei av dei eldste kjende runeinnskriftene på stein, datert til ca. 350 e.Kr. Språket er urnordisk, med fleire gamle trekk. Innskrifta kan tyda på at det har funnest eit runekunnig miljø, altså eit skriftmiljø, i dette området, anten på *Bø/Fuglestad* eller på *Ogna*, så tidleg som på 300-talet e.Kr. Innskrifta fortel om *flagd*, dvs. 'troll, vetter, trollmakter'. Ho har såleis bakgrunn

i ovtru og folkereligjose førestillingar, nemleg tru på trollmakter og underjordiske, dvs. makter som trugar menneska. Translitterert lyder innskrifta: **...flagda faikinaR ist...magoR minas staina...daR faihido**, dvs. '[Sonen min] har blitt heimsøkt av flagd, [eg sette] stein for sonen min, [eg ..]daR malte [runene]' (Krause 1966:136–139, Høst 1976:84–87).

### Bø i Hå (tidlegare Nærbo)

På storgarden *Bø i Hå* (tidlegare *Nærbo*) finst det to tidlegare øydegardar med *land*-namn, nemleg *Ullaland* og *Kvidaland* (Fig. 3). Båe er knytte til sentralstaden *Bø* ('garden, buplassen'), som dei synest stå i avhengigheit til, og dei kan ha hatt ulike funksjonar i høve til denne sentralstaden. Føreleddet i *Ullaland* /"u:dlalan/, gno. *\*Ullar-*, har blitt tolka som gudenamnet gno. *Ullr* (Olsen 1926:119, 133, jf. òg Særheim 2007:245). *Ull* var bl.a. gud for rettsordning og elles god på ski og ein god bogeskyttar, dvs. jaktmann. Dette gudenamnet ligg føre i mange nordiske stadnamn, særleg i Sverige (*Ullevi*, *Ultuna* mfl.). *Sjolv* har eg for *Ullaland* tidlegare føreslått samansetjing med eit elvenamn laga til verbet *vella*, med bakgrunn i ein bekk eller ei kjelde (Særheim 1999:249–250). Denne tolkinga synest likevel mindre rimeleg, bl.a. av di det ikkje finst noka stor vassføring på denne staden.

Garden *Bø* har fleire nabogardar med *land*-namn, nemleg *Torland*, *Gausland*, *Håland*, *Motland* og *Bjårland*. Føreleddet i *Bjårland* /"bjådlan/ (*Biureland* 1567) er truleg gno. *\*Bjár-*, dvs. genitiv av gardsnamnet *Bø*, gno. *\*Bór*, som indikerer at garden er 'knytt til *Bø*' (Særheim 1999:70–71); Rygh (1915:108) derimot føreslår samansetjing med gno. *bjórr* m. 'kileforma jordstykke', noko som synest mindre rimeleg. Ein annan




Fig. 3. Stadnamn på og omkring garden *Bø i Hå*. Kart ved Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen og Ingund Svendsen, Universitetet i Stavanger ©. Fig. 3. Place names on and in the vicinity of the farm *Bø i Hå*. Map by Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen and Ingund Svendsen, University of Stavanger ©.

nabogard til Bø heiter *Bjårhaug* (*Biorhoff* ca. 1620), med same føreleddet, gno. \**Bjár-*, som tyder på tilknytning til og utskiljing frå Bø (Rygh 1915:109).

Det finst fleire sakrale stadnamn i nærområdet. I tillegg til *Ullaland* kan nemnast *Njærheim* /"njæ:rei/ (*a Nairdhome* 1445) og *Nærland* /"næ:rlan/ (*Nordelandh* 1519, *Nerdland* 1521, *Nerland* 1521), som båe synest vera samansette med gudenamnet *Njord*, gno. \**Njarð(ar)-* (Rygh 1915:103–104, Særheim 2007:169, 171). For desse to namna har eg tidlegare føreslått samband med ei indoeuropeisk rot \*(s)*ner-* 'snøra inn' med bakgrunn i munningen av Hælv, men denne tolkinga er meir uviss pga. manglande språklege parallellar. Det er berre kring 5 km mellom Ullaland på Bø og gardane Njærheim og Nærland. Njord var i norrøn tradisjon ein mannleg vanegud, nemleg ein kystgud som rådde for hav, vind og vør, dessutan for skipsfart og god bør, og for fiske. I austnordisk og kontinentalgermansk tradisjon er det tale om ein kvinneleg gud (germ. *Nerthus*) for grøderikdom, vekstliv og åkerbruk. Den germanske grøderikdomsgudinna *Nerthus* er omtala av den romerske historikaren Tacitus i verket *Germania* frå det første hundreåret e.Kr. Sjølv gud(inn)enamnet er tolka til ei språkrot med tydinga '(livs)kraft'.

Fleire forskarar har peika på at det kan ha vore eit samband mellom gudane Ull og Njord. Det er bl.a. lagt fram ein teori om ein gammal skandinavisk fruktbarheitskult med eit mannleg og kvinneleg gudepar, nemleg ein himmelgud og ei fruktbarheitsgudinne (jf. Olsen 1905:26, 1909:21, 1915:4, Olsen & Shetelig 1909:22–23 og Lundberg 1912). Wessén (1921b, 1922b) har påvist samband mellom Ull og Njörd i stadnamn frå Östergötland og Mellom-Sverige. Olsen har lagt vekt på den geografiske nærleiken mellom fleire stader med namn som inneheld gudenamn. Sjølv metoden har blitt kalla *den topografiske avstandsmetoden*, men denne metoden har blitt sterkt kritisert av Sahlgren, som nedlatande nyttar nemninga *kilometermetoden* (Særheim 2012:187). Vikstrand (2001) peikar i avhandlinga *Gudarnas platser* på at gudeparet Ull–Njord – og andre gudepar – førekjem side om side i stadnamn fleire stader i Skandinavia. I Sverige er Ull–Njörd det vanlegaste gudeparet om ein ser på teofore stadnamn med *Njörd*-namn innom ein radius på 5 km (Vikstrand 2001:102–106).

I mellomalderen var det kyrkje både på Bø og Njærheim. To runekrossar med innskrifter frå tidleg kristen tid er funne på Njærheim. Truleg har det vore kultkontinuitet på båe stadene, noko førekomsten av stadnamn med førkristne gudenamn (Ull og Njord) og den tidlege kyrkjestaden indikerer. Det finst òg andre sentralstadindikasjonar og teikn på politisk

makt i Bø-området. Garden Kvia, som grensar til og er sekundær i høve til Bø, var i mellomalderen skippreidegard og sete for skipreidinget (Steinnes 1974:86). På garden Audamotland, som òg ligg like ved, er det tufter etter eit krinsforma tun (Klauvhaugane), som reflekterer politisk makt og sentrale funksjonar knytte til denne staden. Her synest det med andre ord både dreia seg om eit religiøst, politisk og truleg militært senter. Slike krinsforma tun finn ein, som kjent, òg i tilknytning til andre sentralstader på Jæren, nemleg til Hauge (Dysjane), Varhaug (Leksaren på Reiestad) og Lye (Håvollen på Sæland).

Føreleddet i namnet *Løgesteinen*, nytta om ein stein som markerer grensepunkt for seks gardar, nemleg Bø, Grødheim, Gudmestad, Gausland, Risa og Våland, synest svara til gardsnamnet *Løge* i grannebygda Time. Det er tolka som gno. \**Løykin* (< \**Leikvin*), samansett av gno. \**vin* f. 'naturleg eng, beite' og gno. *leikr* m. 'leik, tevling, idrettsøving'. Dette gardsnamnet førekjem fleire stader i Noreg, bl.a. i forma *Løken*, og det er sett i samanheng med tevlingar i samband med sakrale samkomer og handlingar (jf. omtalen av sentralstaden Lye nedanfor).

Også frå dette området finst det ei tidleg runeinnskrift, nemleg frå Audamotland, der det er funne eit beinstykke i ei urne med brende bein (branngrav) frå ca. 550–600 e.Kr. Innskrifta, som av Ottar Grønvik (2006) er oppfatta som eit gravferdsrituale, er tolka på følgjande måte: "Unge kvinne, veket bort fra jorden, gjenfødt for evigheten i ditt helligsted! Gudenes velvilje øke, måtte de ville (ta imot) den (min) kvinnelige slektning! For alltid eier den evigfødte (den for evigheten gjenfødte kvinne) de kjente helligsteder (hellige bosteder)" (Grønvik 2006:34). Han normerer: "*Ūha, aure ab ykwinu, ai-kund þīnu wī! wēa alūþ auki, wili nifpi ā āh aikund kunn wē*" (Grønvik 2006:34). Innskrifta synest etter denne lese måten vera skapt i ein førkristen religiøs sfære, bl.a. med bruk av ei eldre form av gno. *vé* 'heilag stad, gudebustad'. Innskrifta synest spegla heidne religiøse førestillingar, og ho fortel truleg om eit tidleg skriftmiljø i Bø-området. Det må likevel understrekast at den nemnde lese måten er svært uviss.

Gardar på Jæren med det usamansette namnet *Bø* har funnmateriale som tyder på samanhengande jordbruk sidan eldre bronsealder og yngre steinalder (jf. Myhre 1984:183–185). På Austbø i Stavanger (tidl. Hetland), som saman med nabogarden Husabø reflekterer ein eldre sentralgard gno. \**Bór* – 'garden, buplassen' – skal det t.d. vera registrert hus frå "nær sagt heile forhistoria" (Meling 2001:28). Her er det elles gjort kornfunn frå dei ulike periodane, visstnok blant dei eldste kornfunna i Noreg (Sandvik 2003:22). Kornfunna skal gå ca.




Fig. 4. Stadnamn på og omkring garden Lye i Time. Kart ved Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen og Ingund Svendsen, Universitetet i Stavanger ©.

Fig. 4. Place names on and in the vicinity of the farm Lye, Time. Map by Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen and Ingund Svendsen, University of Stavanger ©.

4500 år attende i tida. Austbø og Husabø har til saman langt høgare landskyld enn nokon annan gard i vedkomande herad, t.d. langt høgare enn storgardane Tasta, Viste, Goa og Jåtå.

### Lye i Time

Det er all grunn til å rekna med at også Lye og grannegarden Vestly i Time (Fig. 4) har vore ein sentralstad i jernalderen, slik Bjørn Myhre overtydande har argumentert for (Myhre 2007). Han nemner ei rekkje rike gravfunn som tyder på eit elitært miljø, bl.a. ei velutstyrt hovdinggrav på Vestly frå 500-talet med eit sett av utstyr og reiskapar for gullsmedarbeid, dessutan eit fullt våpensett og fleire prestisjegjenstandar, t.d. fingerring av gull og fasettert glasbeger med pålagt band av forgylt sølvblekk. Frå dei to gardane og grannegardane er det gjort ei rekkje funn av gullgjenstandar og andre statusvarer, bl.a. importvarer frå eldre jernalder (Myhre 2007:14–17).

Frå nærområdet kan nemnast eit kjent gullfunn frå eit nedrasa og overgrodd steingjerde på Oma, som er den største gullskatten her i landet frå eldre jernalder. Myhre reknar med at Lye og Vestly har vore sete for ei

hovdingætt som har dominert eit større lokalområde i fleire generasjonar (Myhre 2007:27). Av særleg interesse er funna som viser at dette har vore ein handverks- og verkstadplass der ein har produsert, bearbeidd og reparert prestisjegjenstandar av bl.a. gull og glas. Det er også indikasjonar på at dette har vore ein smieplass, og at ein her har fått inn materiale frå jernutvinningsstader i nærområdet. Slike funksjonar er rekna som viktige innslag på ulike sentralstader i Skandinavia.

Av andre sentralstadindikasjonar frå dette området kan nemnast fleire storhaugar og tufter etter storgardar med langhus, dessutan eit mindre krinsforma tun på Håvollen (Sæland), jf. omtalen framanfor av funksjonen til dei tilsvarande ringtuna Dysjane, Klauvhaugane og Leksaren. Moglege øydegardsnamn på *-land* som er registrerte frå dette området, er *Lyngaland* (Sæland), *Hinnaland* (Serigstad), *Kindingland* (Serigstad), *\*Berkland* (Njå) og *Håland* (Holen), jf. Særheim 1999:180, 202–203, 214–215, 216.

Også gamle runeinnskrifter finst frå dette området, som ei lita bronsespenne og eit lite bronsebeslag frå garden Fosse med sju sterkt medtekne runer. Her finn ein bl.a. ordet **alu**, dvs. den urnordiske forma av ordet

øl, som ligg føre i mange innskrifter med eldre runer, kanskje med bakgrunn i seremoniar og rituelle handlingar, t.d. gravferdsrituale. I Edda-diktet *Sigerdrivamål* er ølruner omtala, vel med bakgrunn i at ein rekna med at slike runer kunne uttrykkja magi. Gravfunnet på Fosse er datert til byrjinga av 500-talet.

Betre kjend er ei rikt utstyrt kvinnegrav på Eikeland der det i 1965 vart funne ei relieffspenne med rune-teikn. Innskrifta er datert til midtre delen av 500-talet. Ho er lesen: **ek wiR wiwio writu i runoR asni**, som etter Grønvik kan omsetjast: "Eg Vi til Vivja, (eg) rissar i runer til kjærasten" (Grønvik 1987). Her finst det både eit mannsnamn *Wir* (< \**WiwaR*), og eit kvinnenamn *Wiwjō* (< \**Wiw(i)jōn*). Språkforma representerer ein tidleg overgangsfase mellom urnordisk og norrønt.

Gardsnamnet *Lye* /'ly:ə/ (a *Lyghi* 1384, a *Lyghe* 1395, jf. òg *af Lyeslundum* 1299?) har truleg språkleg samband med verbet gno. *ljúga* 'lyga', her i ei meir opphavleg tyding 'høgtideleg avtale, semje som er stadfesta med eid', jf. gotisk *liuga* f. 'ekteskap', *liugan* 'ta til ekte' og gammalirsk *luige* 'eid' (Tveitane 1979:162–163, Særheim 2007:152). Real bakgrunn for namnet er truleg ein gammal tingstad eller sakral samlingstad med rettsvern, ein fredheilag stad. Olsen nemner fire samansette stadnamn, *Lyen* (Vågå) og *Lystad* (Skiptvet, Sørurn, Ullensaker) der føreleddet synest ha liknande bakgrunn; dei fleste av dei synest vera knytte til ein gammal tingstad og samlingsplass (Olsen 1915:116, 127–128). *Vestly* /'vesly:/ (a *West-lygæ* 1475), gno. \**Vest(r)lygi*, tyder 'den vestre Lye-garden'. Med denne tolkinga kan *Lye* og *Vestly* reknast som sentralstadindikerande stadnamn.

Frå *Lye* kan òg nemnast lokalitetsnamnet *Tingvollen* (også kalla *Tinghaugen*), nytta om eit fortidsminne med ein fotkjede av steinar. Som for *Tinghaug* på Tu er det vanskeleg å avgjera om det her dreiar seg om eit gammalt namn eller ei yngre og 'lærd' namnelaging. Namnet *Pighaug* frå *Lye* fortel om ein reist bautastein, ei såkalla *pikhelle* /'pi:ghedla/. *Lye*, som i lang tid har vore prestegard (*Lye* prestegjeld), grensar til kyrkjestaden *Time*, som på si side har grense med garden *Løge*. Gardsnamnet *Løge* /'lø:je/ (*Løgen* 1563, *Løgenn* 1567) er gno. \**Løykin* (< *Leikvin*), samansett av gno. \**vin* 'naturleg eng, beite' og gno. *leikr* m. 'leik, tevling, idrettsøving', med bakgrunn i ein samlingsstad der det er halde tevlingar, gjerne i samband med sakrale samlingar og handlingar. Same namnelaginga finst, som nemnt, fleire stader her i landet, bl.a. i forma *Løken*. Også *Løge* kan kallast eit sentralstadindikerande stadnamn. Den nære tilknyttinga mellom gardane *Lye*, *Løge* og *Time* (kyrkjestad sidan mellomalderen) tyder på kontinuitet når det gjeld sakrale førestillingar og handlingar i dette området.

## Hove, Sørbø, Lunde og Høyland i Sandnes (tidlegare Høyland)

Eit område på Nord-Jæren med fleire sentralstadindikatorar omfattar bl.a. gardane Hove, Sørbø, Lunde og Høyland i Sandnes (tidlegare Høyland) (Fig. 5). Den noverande kyrkjestaden Høyland var òg kyrkjegard i mellomalderen. Innom det noverande gardsvaldet til Høyland er det fire eldre øydegardar med *land*-namn, nemleg *Helgeland*, *Hoddeland*, *Buggeland* og *Helland*, jf. òg dei to øydegardane med *stad*-namn, *Svebastad* og *Kjervastad*, som ligg i grensa med nabogarden Austrått, dessutan øydegarden *Assheim* (*heim*-namn) på granne-garden Hana (Myhre 1972:104–105, 120–121). Ved den noverande kyrkjestaden, nær grensa med garden Hove, finn ein elles øydegarden *Leigvoll* (skrive *Leegwold* ca. 1626). Desse stadene står truleg i relasjon til kvarandre, med ulike funksjonar knytte til ein sentralstad.

Både *Helgeland* og *Helland* synest gå attende på ei form gno. \**Helgaland*, der føreleddet er gno. *heilagr* adj. 'heilag; verna'. Slike namn kan spegla ein sakral samanheng og tidlegare religiøse førestillingar. Bakgrunn i ein sakral funksjon, kanskje førkristen kult, kan ein elles rekna med for gardsnamnet *Hove* (*Hoff* 1519, *pa Hoffwe* 1519), jf. gno. *hof* n. 'gudehov, heiden kultstad med altar' (Rygh 1915:35, 172, Særheim 2007:108). Også ei tyding 'høgtliggjande stad' høver ut frå terrenget, men synest mindre rimeleg. Uvanleg rikt arkeologisk funnmateriale på Hove og nabogarden Sørbø, bl.a. spor etter heilt spesielle bygningar som truleg reflekterer ein tidlegare hovdinggard (Næss 2012:15–16), kan tyda på ein sentral posisjon, kanskje med sakrale funksjonar.

Også namnet *Sørbø* (*Sorbø* 1519, *Swrboø* 1521), gno. \**Saurbór*, har blitt sett inn i ein sakral samanheng, jf. at tilsvarende namn er nytta om ein kyrkjestad med mellomalderkyrkje på Rennesøy (i *Saurbø* 1328) og om prestegarden i Klepp (*Saurbø* 1431; nabogard til kyrkjegarden Kleppe). På Kleppe er det runeinnskrifter, bl.a. med innrissa krossar, frå tidleg kristen tid. Den islandske forskaren Barði Guðmundsson (1959) har rekna med sakral bakgrunn for eit identisk namn, norr. *Saurbór*, som førekjem fleire stader på Island. Også der er namnet ofte knytt til gamle kyrkjestader; det gjeld fem av seksten stader med dette namnet. Føreleddet *Saur-* svarar til gno. *saurr* m. 'ureinskap; dy, søle; skit, lort; mannleg sæd'. I namn med dette føreleddet, t.d. *Saurdalen* (Suldal), plar ein rekna med bakgrunn i jordsmonnet, jf. elles uttrykket "(Det gjekk i) aur og saur". Ei slik tolking er fullt mogleg – og mest rimeleg – for dei tre *Sørbø*-namna frå Rogaland (Særheim 2007:228). Harry Ståhl (1962:7–9) tolkar nokre tilsvarende svenske namn, *Sorby* og *Sørby*, på denne måten, og han legg til at somme av gardane har grøderik jord (Ståhl 1962:9). Marius Skadsem derimot ser namnet frå Høyland



Fig. 5. Stadnamn på og omkring gardane Hove, Sørbo, Lunde og Høyland i Sandnes. Kart ved Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen og Ingund Svendsen, Universitetet i Stavanger ©.

Fig. 5. Place names on and in the vicinity of the farms Hove, Sørbo, Lunde and Høyland, Sandnes. Map by Inge Særheim, Elna Siv Kristoffersen and Ingund Svendsen, University of Stavanger ©.

i "samanheng med dei heilage bøane – hovbøen og skeidet" (dvs. nabogardane *Hove* og *Skei*), og han set *Sørbo*-namnet i samband med førkristne førestillingar: "der ein laut halda til med slikt som var ureint, og difor ikkje måtte koma på heilagbøane og gjera dei ureine" (Skadsem 1959:71). Denne tolkinga synest ikkje rimeleg. Sør for *Sørbo* ligg garden *Lunde*. Gardsnamnet *Lunde* (a *Lundi* 1300), som er stivna dativform av gno. *lundr* m., har òg blitt sett i samband med tidlegare kult, nemleg ein 'heilag lund' (Skadsem 1959:71; jf. elles Olsen i Rygh 1915:33, 173). At kulthandlingar i gammal germansk religion fann stad i heilage lundar, er bl.a. kjent frå Tacitus' *Germania*, og det synest vera avspegla i fleire stadnamn i Skandinavia (jf. Vikstrand 2001:273–291). Ein kan likevel rekna med at gardsnamn som dette i mange høve siktar til vanlege lundar, utan sakral samanheng.

Av andre moglege sentralplassindikatorar som er knytte til stadnamn i dette området, kan nemnast at to mindre matrikkelgardar har eit namn laga til gno.

*skeið* n. '(tevlings)bane, veg', nemleg *Skei* og *Skeiane*. Dette nemnet siktar i mange høve til vanleg ferdsle, jf. lokale namn som *Klopperskeia* (Varhaug) og *Hårrskeia* (Hårr), båe frå strandområda i Hå. Liknande bakgrunn har truleg det nemnde *Skeiane*, som er bestemt form fleirtal, med analogisk fleirtalsform. For *Skei* (*Skie* 1616), som ligg i tilknytning til *Hove* og *Sørbo*, synest likevel ikkje ei tyding '(tevlings)bane' urimeleg, som føreslått av Skadsem (1959:71), med bakgrunn i spesielle samankomster, kanskje med sakral samanheng. På den noverande kyrkjestaden på *Høyland* finn ein, som nemnt, òg namnet *Leigvoll*, som truleg har bakgrunn i ein gammal *leikvoll*, dvs. ein samlingsstad der det har vore leikar (tevlingar), jf. namnet *Løge* (< gno. \**Løykin*, eldre \**Leikvin*) frå gardskrinsen *Lye*–*Time*. Eit namn *Timbrekk* frå øydegarden *Steinbru* på *Lunde* er av Skadsem tolka som gno. \**Pingbrekka*, som minne om ein gammal tingstad (Skadsem 1959:71). Dette synest likevel svært uvisst, helst tvilsamt. Det kan elles nemnast at namnet på skipreida i dette området, gno.

*Gandar skipreiða*, inneheld det gamle bygdenamnet *Gand* (gno. *Gǫnd*), men skipreiða er i mellomalderen òg kalla *Austráttar skipreiða* etter Austrátt, grannegard til Høyland (Rygh 1915:162, 171, 180–181).

## Konklusjon

Fleire kjeldetypar, særleg det arkeologiske materialet, gjev klare indikasjonar om ein gammal sentralstad og eit elitært miljø på høgdedraget på Hauge og Tu. I dette området finst det òg nokre stadnamn og annan språkleg tradisjon som synest gje slike indikasjonar, men slike innslag i stadnamntilfanget synest vera tydelegare andre stader på Jæren, t.d. på Bø i Hå, på Lye i Time og i Hove-/Høylandområdet i Sandnes. Denne typen namneelement frå Hauge-/Tuområdet har nært samband med andre kjeldetypar som indikerer sentralitet og buplass for ein elite, t.d. arkeologisk materiale, runeinnskrifter og minnesteinar. I så måte kan dette området minna om stader i Danmark som er undersøkte av Christensen (2011). Det språklege innhaldet i stadnamntilfanget er ikkje aleine eit avgjerande argument for å dra konklusjonar om eit område som dette har vore ein sentralstad og tilhaldsstad for ein samfunnselite. Det må tolkast i samanheng med andre kjeldetypar.

## Summary

Place names are important sources of cultural history. The names localise former activities, phenomena and traditions, and the semantic content of the names

gives information about the locations, e.g. about settlements, fishing, hunting, farming, work processes, communication, cults, defence, judicial systems, traditions, attitudes and events. There are, however, certain methodological challenges when using toponyms as sources of cultural history, with regard to the interpretation of the names and how representative they are of the mentioned phenomena and activities. When studying toponyms referring to central functions in pre-historic times, e.g. pre-Christian religion and cults, old judicial systems and defence, political power and communication, the question must be asked whether it is possible to reconstruct an ancient place name environment from certain places as they relate to central functions and habitation sites of an elite; in this case, Hauge and Tu in Klepp (Jæren). Some toponyms and other linguistic material from the Hauge-/Tu area might refer to central functions and the habitation site of an elite in the Iron Age. The name elements indicating centrality are closely linked to other types of sources, e.g. archaeological material, runic inscriptions, standing stones and crosses. However, these types of indications seem to be more evident other places in Jæren, e.g. in Bø (Hå), Lye (Time) and Hove/Høyland (Sandnes). Examples of name environments from these places indicating centrality are also presented and discussed in this article. There is a similar discussion ongoing in Sweden and Denmark with regard to place name environments indicating centrality in the Iron Age.